

Daggry barnehage

Valderøya

Valderøya, den 30.01.2023

VEDTEKTER FOR DAGGRY BARNEHAGE

I kvar barnehage skal det finnast vedtekter, jf barnehagelova § 8. Desse skal regulere tilhøva mellom barnehagen og foreldra. Vedtektsendringar skal godkjennast i Styret for barnehagen, og sendast så til kommunen til orientering. Lovendringar skal til ei kvar tid innarbeidast av eigar.

1. HOVUDRAMME

Barnehagen vert driven i samsvar med Den Norske Kyrkja si bekjenning, Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagen, og dei forskrifter og rettingslinjer som til ei kvar tid er fastsette av departementet, kommunen og eigar, og vedtekter for Daggry barnehage.

2. EIGARFORHOLD

IMF Sunnmøre eig og driv Daggry barnehage. Barnehagen har eit eige styre, som er underordna styret i IMF Sunnmøre. Dette består av 3 representanter frå eigar, 2 representanter frå personalet, og styrar for barnehagen som er sekretær i styret. IMF Sunnmøre er det ansvarlege organ for institusjonen, og det organ som representerer eigaren. Ved tilsetting av styrar og pedagogiske leiarar i Daggry barnehage skal styret foreta utlysing og tilsetting i samsvar med lov og forskrifter. Styrar for barnehagen skal gje innstilling i tilsettingssaker. Tilsetting av assistenter, og stilling i vikariat, er delegert til styret for barnehagen.

Styret for barnehagen godkjenner også vedtekter, rekneskap og budsjett.

3. FORMÅL

Daggry barnehage har utvida kristen formålsparagraf, og skal i nær forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje barnet ei kristen oppseding i eit trygt og godt miljø. Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemد, og skal medverke til at det einskilde barn får gode utviklings- og aktivitets-mogelegheiter, og utvikle barnas evner og vilje til å samarbeide, respektere andre, og ta ansvar og ha omsorg for medmennesker.

Dei tilsette i barnehagen må forplikte seg til å arbeide i samsvar med barnehagens formål, vedtekter og gjeldande instruks.

4. FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

For å sikre samarbeid med barna sine heimar, skal alle barnehagar ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Det vert kvart år valgt 2 representanter frå ei føresette som er leiarar for foreldrerådet og medlemer i SU.

Samarbeidsutvalet ved Daggry barnehage skal bestå av 2 føresette, 2 tilsette, og 3 representanter frå eigar. Funksjonstida for foreldrerepresentantane og dei tilsette er 1 år, medan eigarrepresentanter vert valde for ein periode på 4 år.

SU konstituerer seg sjølv. Styrar har møte-, tale- og forslags-rett i samarbeidsutvalet.

Styraren i barnehagen set opp sakliste, førebur sakene, kaller inn til møte i samråd med leiar, og er sekretær for SU.

SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. SU skal fastsetje årsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen, uttale seg om budsjett og rekneskap for barnehagen, og sjå til at barnehagen vert driven etter barnehagelova og dei forskriftene som gjeld. Barnehageeigar skal sørge for at saker av viktigkeit vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet, jfr. Barnehagelova §4.

5. GODKJENNING Barnehagelova § 14

Daggry barnehage er godkjend for 96 plasser for barn i alderen 0 – 6 år, der eit barn under 3 år skal reknast på 2 plasser.

Daggry barnehage gir tilbod om heile plasser.

Alle barnehagar skal vere godkjent av kommunen før verksemda kan starte.

6. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Minimumsnorma for leike- og opphalts-areal pr. barn over 3 år er 4 kvm, og pr. barn under 3 år 5,33 kvm. Jf merknadane i barnehagelova. Daggry barnehage har vedteke å fylge denne statlege minimumsnorma. Utearealet skal vere 6 ganger leike- og opphaldsareal inne.

Daggry barnehage har eit samla leike- og opphaldsareal inne på 345 kvm. Aktivitetssal på 70 kvm er ikkje medrekna her.

7. OPNINGSTID / FERIESTENGING

Opningstida er mand.- fred. frå 7.00 – 16.30 Barnehagen er stengt julafian, romjula, nyttårsaftan, alle rauda dager, og 5 dager pr. barnehageår då personalet har planleggings- og kursdager . Det vert ikkje gjeve frådrag i foreldrebetalinga for desse dagane. På inneklemte dager, haust- og vinter-ferie, påske og sommarferien må det vere minimum 5 barn som er påmeldt for at barnehagen kan halde ope.

Daggry barnehage

Valderøya

Valderøya, den 30.01.2023

Påskeveka har redusert opningstid; 8.00 – 16.00 mand. og tysd., og 8 – 12.00 onsd. Daggry barnehage har stengt 3 veker om sommaren; veke 28, 29, 30 i juli. Alle barna skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår, og alle desse skal helst takast ut samanhengande innanfor skuleferien. Dersom foreldre har behov for å ta ut den 4.veka utanfor hovudferien, må det søkjast til barnehagen på førehand om å få det godkjent som ferie. All ferie må takast ut i heile veker, ikkje som einskilddagar. Barn som ikkje skal fortsette i barnehagen etter sommarferien, må ta ut all ferien innan 14.aug. då barnehageåret er slutt. Nytt barnehageår starter 15.august.

8. FORELDREBETALING

Føreskrift om foreldrebetalning i barnehagar av 16.12.06

Vedtak om fastsettjing av maksimalgrensa for foreldrebetalning i barnehagar for gjeldande år.

Betaling for opphold i barnehagen skjer etter dei satsane som til ei kvar tid er vedteke i Giske kommunestyre.

Det skal betalast for 11 månader i året. Det vert gjeve syskenmoderasjon på 30% for det andre barnet, og 50% for det tredje eller fleire barn. Moderasjonen vert gjeve til det barnet som har den lågaste satsen, (dersom søsken har ulik oppholdstid) og den vert gjeve også om sysken går i ulike barnehagar. I tillegg til betaling for opphold kjem betaling for mjølk, frukt, mat, turar,m.m. etter barnehagen sine eigne satser. Dersom foreldrebetaltinga uteblir i 2 månader, vert plassen sagt opp. Om nokon har uteslåande betaling frå tidlegare opphold, kan ein ikkje få tildelt ny plass i barnehagen før det uteslåande er betalt.

9. REDUSERT FORELDREBETALING

Foreldre med låg betalingsevne har høve til å søkje reduksjon eller fritak frå foreldrebetalning. Ordninga gjeld for foreldre som er busette i kommunen med barn i kommunale eller private barnehagar. Ein søker til Giske kommune.

10. OPPTAK AV BARN

Barnehagelova § 17 Samordna opptaksprosess i kommunen.

Melding om opptak og frist for å søkje, skal kvart år annonserast i lokalpressa. Hovudopptaket skjer om våren, og nytt barnehageår tek til 15.august. Det skal søkjast på fastsett elektronisk skjema, som ein finn på Giske kommune si heimeside. Det er styrar for Daggry barnehage som gjer opptak, i det samordna opptaksmøtet i kommunen, i samsvar med gjeldande lover og regler, og ut frå fastsette opptaksriterier.

Daggry barnehage har eitt hovudopptak pr. år, og tildeler plasser frå 15.august. Det må betalast frå barnehageåret starter sjølv om foreldra velger at barnet ikkje skal starte før seinare uthånd i året. Det vert gjort løpende opptak gjennom året dersom barnehagen får ledig kapasitet.

Har barnet noko form for funksjonshemmning, kronisk sjukdom hjå barnet eller i heimen, eller er barnehageplass tilrådd av sakunnig, er det krav om at fråsegn frå sakunnig instans skal ligge ved søknaden.

Barnet får tildelt fast plass, som dei har fram til skulestart. Dersom ein ynskjer å søkje om endra oppholdstid, eller å flytte barnet over til ein annan barnehage, skal søknadsskjema nyttast, og søknaden vert behandla på lik linje med andre søknader. Dersom ein søker om bytte av barnehage, og ein får plass utfrå førsteynskje på søknaden, så mister ein automatisk plassen i eksisterande barnehage.

Barn som ikkje får plass ved hovudopptaket, vert automatisk plassert på venteliste, som gjeld heile barnehageåret. Nye søkerar som kjem til i løpet av året, vert sett på ventelista. Ventelista vert nytta ved tildeling av plass i løpet av året, og plassane vert tildelte i samsvar med kva alderstrinn barnegruppa har behov for. Ventelista gjeld for det aktuelle barnehageåret, og det må søkjast på nytt ved nytt hovudopptak.

Opptaksriterier:

1. Barn med nedsett funksjonsevne, og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstjenester jfr barnehagelova §18
2. Barn som etter ei sakunnig vurdering frå PPT, lege, helsestasjon er tilrådd barnehageplass, (krev dokumentasjon frå faginstans).
3. Siste året før barnet skal ta til på skulen
4. Barn av tilsette i Daggry barnehage.
5. Barn som har delt plass i barnehagen og søker utvida plass.
6. Sysken av barn som har plass i Daggry barnehage.
7. Barn som t d lever under vanskelege familieforhold og/eller har dårlege oppvekstforhold av ulike årsaker, barn som sjølv har eller har føresette med anna morsmål enn norsk, barn med språkproblem, barn som har behov for sosial trening, barn over 3 år med få leikekamerater i nærområdet, bur trafikkfarleg, bur på gard m.m.
8. Anna.

Daggry barnehage

Valderøya

Valderøya, den 30.01.2023

Ved samansetjing av gruppene skal det takast omsyn til at det vert ei rimeleg fordeling med tanke på alder, kjønn og funksjonsnivå.

11. OPPSEIING AV PLESS

Eventuell oppseiling av plass skal skje elektronisk med minst 2 månaders varsel.

Oppseiling av plass gjeld frå den 1. i påfølgjande månad. Blir plassen sagt opp etter 1.april må ein betale ut barnehageåret. Dersom ledige plassar vert disponert av andre barn i oppseiingsperioden, skal det ikkje betalast lenger enn til plassen er disponert.

Det er høve til å søkje permisjon, i hovudsak for eit barnehageår om gangen. Det kan også søkjast for eit halvt år, dersom det er for vårhalvåret slik at permisjonen varer ut barnehageåret.

12. TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Personalaet ved Daggry barnehage, medlemer av Styret, Samarbeidsutvalet og medlemer av opptaksnemda i barnehagane har teieplikt jfr barnehagelova §44.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta, jf §§ 45 og 46 i barnehagelova.

13. HELSE OG SJUKDOM

Alle barnehagar og skular i Giske kommune skal vere godkjende etter føreskrift om "Miljøretta helsevern i skular og barnehagar m.v." av 01.12.95. Føreskrifta sitt mål er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremmar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, samt å hindre sjukdom og skade.

Daggry barnehage er godkjend etter denne føreskrifta.

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse på skjema utsendt frå barnehagen.

Når eit barn er sjukt eller sterkt forkjøla, skal det vere heime p.g.a. smittefare. Regler vedr. sjukdom vert levert ut til foreldra når barnet starter i barnehagen.

14. POLITIATTEST

For den som vert tilsett i barnehage er det krav om at det skal leggjast fram politiattest av ny dato. Dette for å unngå at personar som er dømde for seksuelle overgrep mot barn skal få høve til å arbeide i barnehagen.

15. INTERNKONTROLL

Barnehagen skal ha internkontrollsysteem etter gjeldande lover og føreskrifter. Daggry barnehage nyttar PBL (Private barnehagers landsforbund) sitt internkontrollsysteem PBL MENTOR, og har også bedriftshelseteneste i PBL.

Internkontrollsysteem er systematiske tiltak som skal sikre og dokumentere at drifta er i samsvar med krav fastsett i eller medhold av lov og føreskrifter. Dei systematiske tiltaka skal vere skrive i administrative prosedyrer.

16. UTLEIGE OG BRUK AV BARNEHAGEN

Når det ikkje er til hinder for den daglege drifta av barnehagen, kan barnehagen sine lokale brukast til andre møte- og aktivitets-tilbod. Styret for Daggry barnehage står ansvarleg for utleige og bruk.

17. MÅLFORM

Nynorsk er målforma som skal nyttast i barnehagen.

Vedtekten er endra og godkjendt i styret for Daggry barnehage 28.11.2023